

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lyngdal

Emne: Høgtidsmat ved familiestas.

Bygdelag:

Oppskr. av: Bertine Akersmyr

Gard:

(adresse): Lyngdal

G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsl. *Eg har og spurt ut eldre kvinner og menn fra ymse kantar av bygda, men mest ikke eiga røynslar.*
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Fødselen.

1. I eldre tid var det vanleg at slektingar kom med mat til barselkonaene *og venner*

2. Sumbid kom fleire slag, men helst ein for ein i eldre tid.

3. Kvar kom med det som høorde for dei utan å sam-  
rå seg med dei andre.

4. Dei kom sjeldan før etter 4. dag, men dei skulle helst koma medan barselkona låg.

5. Men det var berre ein gang dei skulle ikke  
skulle gå med sengemat.

6. Det vanlege var risgraut, *og dei gjorde*  
*deg mykje føre så han skulle bli rettleg god.*  
*Det koste han på myila mjøkk, og saltet han med smør!*  
*Sukker og kanel var stroydd på, og i*

*midden eit stort smøranga. Men dei kom*  
*og med annan mat, t. d. sotsups og*  
*pannekaker. Ei 89 år gammal kona fortalte*  
*at ho hadde ein gang fått store „skillings-*  
*kavringar“. Da ho fekk dei siste barna (lik-  
eier hundradårs-skiftet), hadde ho og fått*  
*smiskargrot; det tykte ho var svært gjørt.*

7. Sjå 5.) Atta grauten hadde komme ofte med seg  
nokre kakkor av ein eller annan slags.

8. Dei fleste kom med grøtene i eit rent stin-  
tyfat. Ofte var dei fatet i eit firkanta  
stykke løy, der endane var knytt saman.

8508

Kr. 30,-

Men hadde dei lang veg, kom dei med græten i ei blikkspamm. På kjøknet slo dei han opp i sit fat og hadde på sūkkar og kanel og smør-  
auga i midten før dei bar han inn til barsel-  
kona.

9. Den maten dei kom med, blei vanleg kalla for „sengemat”; men mange sa også barselmat”.
10. Det var kona sjølv som gjekk med sengematen. Men hindra sjukdommen henne, kunne ho sende ei voksen datter eller tenestegjenta.
11. Mannen fylgde aldri med; men det hende at han var med og bar fatet med græten eit slykt av nogen så dei ikkje skulle vera så frøytande for kona.
12. Alle som kom med sengemat, skulle trakkerast med kaffi og den beste maten dei hadde i huset. Ofte felte dei smaka på maten dei andre hadde kom med.  
Det var ingen skilnad auten den myfodde var gut eller jente.
13. Vi hjemmer ikkje til at dei var noko særnamn på dei samkomene.
14. Dei fekk alltid trakking når dei kom med maten. Det hende dei var forhindra i koma medan kona låg og kom seinare med ei gava. Oline Gabrielsen <sup>f. 1864</sup> fekk ein gang 1 kg. ull etter ho vor kommen opp att. Kona som kom med ulla, fekk kaffi og den beste maten dei hadde i huset.
15. Det var så få tigifte midsre i den eldre tida, så eg kan ikke <sup>ta</sup> vite korleis dei brukte dei. Men ei 79 år gammal kona sa at ho hadde ein gang vore med barselgraut til ei tigift mor.
16. Det kunne mange ganger bli så mykje graut at barselkona og hūsfolka hennar blei lei av han. Så tok dei til med å skifta litt på det

dei gjekk med til barselkonene. Det blei etter kvart meir i fai tak i i krambua, ymse slag gryns til sôlsupsa, rosinor og svistkar. Og hjå baka rane var det gode kaker ein kunne tinga. Yngste syster mi blei fødd 1896. Då høgda eg morgens ymse slag mat, men fleire kaw med graut. Etter hundradårsstiftet blei det mindre og mindre med barselgraut.

17. Den nyfødde fekk ingen gaver når konene kaw på vitjing til barselkona.
18. Nå har dei gaver med auten til barnet eller mora. Er det til barnet, er det mykje barnetøy av ymse slag; men fleire slår seg og sammens og kjøper ein skarre ring til mora. Det kan vera dukor, dekketøy eller silvsaker. Det er ofte ein eller annan som skal finna ut kva mora ønskjer i fai eller har brukt før. Det er sjeldan dei kjem med mat; det kan henda når dei trivs kjem mange same dagen at dei tek med seg kaker, berle, fylle.
19. Når eit barn skulle doypast, hadde dei alltid ei veitla. Det var alltid 5 fadderar. Den næraste slekt blei bedne, og gardsfolk skulle og vera med. Såme stader skulle gardsfolket også vera med til middag, andre stader blei dei bedne inn til kaffimålet om ettermiddagen, og dei blei da også med til kveldebordet.
20. Dapsreitta blei vanleg kalla "barsel". "Dei skal ha barsel hjå Lars om sunndagen."
21. Til barsel blei det ikkje brukta sendningar. Men grammene spørde ofte om dei ville ha mjølka. Gummie og sôtost skulle kokast. Det var vanleg ved alle familiefestar å ha gummie og sôtost. Men elles var det ingen fast mattsret. Dei fleste hadde først

kjøtsupa. Det måtte vera „kjøtmat.“ Kjøtet, grønsaker og mjølballane låg i kúpas som blei sett fram i store fat.

22. Ingen sendte sendingar til bæsel.

23. Nå er det nokså vanleg at dei som blir bedne gjev ei gåva, auten pengar eller sálvskei e.l. Talle fall gjev fadderane gåver til barnet.

### B. Fødselsdag.

24. I den eldre tida var det ikkje tale om å høgtida fødedagen karkje for barn eller vaksne, sein dei som er i 70-80-90 års alderen. Men dei som er fødde før 60 år sidan, seier at det var somkod barnas fekk litt ekstrast til fødedagen. Det kunne vera ei bryggskaka som dei sjølv kunne skjiva av kva tid dei ville, eller nokre småkaker som dei hadde i ein pose og som dei fekk eta av kva tid dei ville utover dagen. Barna tykte det var ueldig gilos å ha noko for seg sjølv den dagen, og dei hengsar det med glede seinare.

25. Nå er det ofte slits at barna steller litt ekstra for foreldræ kvart år når dei er nådd opp i 60-65 års alderen. Men det er sjeldan noko blir bedne før noko folk er i 60 år. Mange gör for å halsa på, dessom dei hems ein notis i ein avis om at dei fyller 60-70-80 o.s.t. år - utan å verte bedne. Di eldre personen er, di fleire pilar det koma. Ofte kan det bli store lag; men dei hems som regel i kueldinga, så dei får berre eit måltid mat; skundom kan dei få dessert eller frukt seinare på kuelden.

27. Til gamle folk pilar folk som hems for å halsa på, ha med ei gåva. Men det er ingen fast regel. Nokre hems med kringler elle i „blöt-

5

"kaker" så ikke verksfølket skal få oppridd for mat om det kjem mange uvente gjester.

28. Jell bort.

29. Barna får nå ofte ei blautkake med så mange lys på som dei er år, og det blir servert mye sjokolade, og kaffi dersom dei er voksne med. Og det eldre folk som held høgtid på fødelsedagen, så blir det alltid smørk smørbrød med ymse og godt pålegg; eksempel kjem kingle, blautkaker og ymse småkaker.

### 6. Konfirmasjon.

30. Oline Gabrielsen, f. 1864, sier at ho tror ikke det var særlige festligheter i heimen. Då ho blei konfirmert, fekk ho mye alle klede, fra innerst til ytterst. Svart kjole. Etter dei kom fra kyrkja, åt dei middag, vanleg "kjøtmat". Men det var ingen gjester.

Eg har spurt folk som er vel 70 år, men dei sier at dei fekk ingen gaver eller hadde gjester. Beslefoneldra kunne komma, men det var alt. Men alle klede dei gjette med den dagen, var mye. <sup>Gjettet</sup> ~~hade~~ hadde svart kjole. Gubane svart eller mørkeblå dress.

31. I 1903 blei eg konfirmert. Eg fekk mange og fine kork, og nokre bukellar med blomar, det var alt. Mor hadde stelt til middag, og eg skulle sitja øvst ved bordet den dagen. Alle klede var mye, svart kjole.

Andre huslydar hadde det omlag slik. Det hende ein og annan hadde nove klekkingar hjå seg den dagen. Men det var konfirmanter mest i kvart hus, så det var ikke godt å beda andre. — Nå blir som regel fadderane bedne og den nærmeste slekt, dersom der ikke

32

er konfirmantar i dei heimane. Eg hør ikkje det er vanleg å ha boraen eller presten. Det blir vanskeleg for dei å vita kven dei skulle gå til, dei ville få imbjoding frå mange. Nokaste gardofolk blir ofte bedne dersom dei ikkje er konfirmantar.

34. Det blir aldri brukt sendingar. Men det er vanleg at dei som er bedne, gjev gaver.

35. Det er ingen visse rettar. Kvar høislyd tek det som det passar for dei, men det blir alltid skikt og bakt mykje godt.

Før vor det handlings i kyrkja som konfirmantane var mest appetekne av; måi ser det ut som det er gavene og festen heime som er det rikkingaste.

#### D. Bryllup.

36. Dei gamle seier at det blei ikkje halden noko bryllingsgjestebod.

37. Nå er det ingen fast regel, nokre har eit lite eller stort bryllingsgjestebod; men eg hør dei fleste har ikkje noko.

38 og 39. Men brylluper kunne vera både i 2 og 3 dagar.

39. Dei som skulle vera med i bryllupet, blei bedne ei veka føreåt dersom dei skulle ha sending med.

Dei vanlege sendingar var „sisterkaker“. Ho smaka som julebrödet dei brukar nå, men balk i runde ringar, den innerste størst, og så minka dei av oppover. Det var 4-5-6 ringar dei kom med, og desse blei sett inn på bordet på einaman, det var som små tårn. Det kunne stå 5-6 sendingar på borda samstundes.

Men dei kunne også ha gummie eller smør til sending. Somset hadde dei ofte i ein ambar som viime kalle for „skreppåskja“.

Det var merklig med ho var at botnen var så høgt oppa så det var ikke så mykje smør i ho som det låg ut til. Ambaren var fint utskares, på innsidea av loket var det verlig fint. Når dei trykket loket på, sette det eit fint mynster på smøret. Men noko kom og med smørestykke. Dei var utkrota ned ei treskei. (Var tappen skaren av smøret, skulle gjestene ta fra tappen når dei forsøkte seg. Var tappen på, skulle dei ta nedanfra.)

Det var vanleg 5-6 matmål i bryllup. Når gjestane kom, blei dei møtt med eit glas brenvin eller øgrunde dei rømst i ølskål. (Maskovaskål kalla dei ølskålene i Røstbu Eikelands skulekrins. „Drikk meg til av ei god mams handi, sa dei.“) Alle drakk av same skåla.

Når alle var samla, blei dei bedne til ~~til~~ bord, og dei eldste, auten det var slekt eller gardsfolk, blei sett ørst — ved sida av børnfolket. Det var kaffi og vanleg høglidomat dei gekk: brød, lefse, gummie, sötost.

Når dei tok på veg til kyrkja, var alltid kjøkkenmeisteren med. Han hadde øl og kakestykke med når vegens til kyrkja var lang. Den var visse stoppeplassar, og der gjekk ølskålarmund også når dei kom frå kyrkja.

Når alle var komne heim fra kyrkja, skulle dei til bord og få middag. Dei hadde same plassane som ved første måltidet. Det blei så lote inn store fat med „kjødmad“. I kjølsupa var det rikelig med kjøt, grønsaker, mjølbollar og poteter låg saman med kjøtet i fatene.

I mange brylluper stod brennevinsflaskene langs bordene og eit lite glas til kvar person. Gjestene forsynke seg sjølv både av kjødmoten og brennevinet. Ølskålene blei sende om, og

etter måltidets hinde det var fleire som var rusa. Dei eldste fortel at i deira foreldre sin ungdom, hende det at gjestene velta bordene med maten på, og steintøy og glas blei knust. dei kallas det „bordspel“.

Like etter middagen blei det ofte servert kaffi og eit slykke god kake.

Når klokka var omkring 24, felte gjestene det rettelege kaffimåltidet. Då var det full oppdekning med brød, lefse, gummie, sötast m.m. Da blei også sørskaka sett rundt. I Vinland skulekrins, blei dei som hadde gjeve sendings, plassert midt framfor kaka, og kona skulle skjera opp der ho sat, og sende rundt kakesykkene. Likeins var det med gummie- og sötastfalem. Dei kom approvane inn med og leverke til��ne som hadde koka asten. Ho skar opp, laa askeskiven på tallerken og sende rundt. Det var difor lagt mykje vinne på å laga asten ekstra godt, og det fall mange godord når asten smaka godt.

c) Det var nok gummien ~~varaaas~~ som var den risse rett ved alle reikler.

d. Andre siste målet var i 3-4 tida om morgonen.

Sūme serverte risgraut. Men i nokre bryllup slætta reikla når dei var ferdig med „møtekaffien“, d. v.s det andre kaffimålet.

Dersom „møtekaffien“ var siste målet, hadde dei risgrauten til kneuds andre dagen.

5. Andre dagen skulle brufolkas marka opp, og oppvaktarane sifja til bords. Om morgonen skulle brufolkia først gå med ein kaffekopp og eit slykke kaka til gjestene som låg i bryllupshuset og i dei norastehusa — før dei var slått opp. („Biarbede“). Når alle var samla, felte dei mor-

morgaunmat. Same rettar om dagen før.

Til middag brukar dei steik andre dagen.  
Men dei brukas ikkje dessert. —

41. Det er ikkje kjent at bedmannen saula inn kjøt.  
Men ei kona på Bringsjord fortalte at der var  
noko dei kalla „skålspengbrylluper? Det var slike  
som ikkje hadde råd til å kasta bryllupet sjølv.  
Ei skål blei sendt rundt, og der lafde <sup>gjestene</sup> pengane  
dei ville gjeva.

42. Det var ikkje noko anna namn enn sending.

43. Sendingen hadde gjestene med seg når dei kom  
til bryllupet.

44 og 45 fekk bort.

46. Der var ei kona dei kalla for matkona som hadde  
ansvar for at dei som hadde hatt sending med,  
fikk noko mat med seg heim att. I nokre bryl-  
luper var det foreldri til brüri som ordna med  
heimatsendings, serlig mora.

47. Det vanlege er ein dag bryllup; men det er ofte  
slik at gjestene som overnatter i nöteleiken av  
bryllupsbusets, og gardsfolk blir bedne inn neste  
dag. Men det er ingen fast regel.

Det siste 2 dagar bryllup eg var i, var i 1902. Men  
det var nok fleire som har haft 2 dagar fram til  
1920.

48. Av og til var dei må bryllup på hotell eller  
pensionat.

49. Det er sjeldan må at dei trulova reiser til ein by  
og let seg vie der. Men fra 1910 og nokre år utover  
var det mange som reiste til Kr. sand S. og let seg  
vie, og hadde berre eit lite lag på hotell saman  
med eit par venner.

50. Eg trur ikkje andre gav bryllups gaver enn den  
moraste slekta, når dei trulova let seg vie i ein  
by.

51. Der er nok mange som har det litt festlig i all stilla heime på bryllupsdagar. Men det blir ofte vera litt skotra ned 10års bryllupsdagen, og ofte som ein bryllupsfest ved 25års dagen. Då kan mange vera innbedne, og dersom dagen er gjort kjent i avisene, kan venner og kjemningar gai og helse på avslutningsdagen. Mange har då gaver med, enda av dei ikkje er bekne.

### E. Gravöl.

52. Til gravöl vor det faste bedlag. Ein var salis ikkje i tril om kven ein skulle vere. Det blei vanleg bedre 2 frå kvart hus i bedlaget, både mannen og kona, men vor det ein av dei som ikkje kunne koma, så kunne ein av dei andre i hūslyden gå i staden, så vant der vor ein vaksen. På den garden der likferda vor, blei oftast alle innbedne, dersom då ikkje garden vor sær stor. På Bringsjord vor garden delt i austegard og vestegard når det vor likferd. Men vor det likferd i siste huset i austegarden, blei alltid første huset i nære-garden bede, og anvendt.

Det vor oftast ein eldre mann innan bedlaget som blei spurta om han ville gå og be inn til gravferda. Det kunne vera same mannen som bad til gravford, i eit langt tidspunkt.

53. Det var rekna for at gravølet burde varde 1 dag. Men andre dagen vor oftast familiens framleies samla, og gardfolka blei også bedne inn til morgaunmat andre dagen.

54. Det vor vanleg 4 måltider: morgaunmat (eller fosemiddagsmat), middag, kaffimålet og kveldsmat. Maten stod på langbord på same ris som i bryllupsfest.

55. Ein kjenner ikkje til at der vor nokon slags mat som ikkje burde myttast ved gravferder. Det var vanleg same slags mat som i bryllups.

56. Høymiddelalderen hadde ikkje noko særnamn.

57. Dersom det var liten plass i hinnen, serverte dei maten i eit grammehus, men dei gjekk attmed til gravferdshuset når dei hadde ete.

58. Cjeshus hadde sendingane med seg.

59. Dei vor pakka på vanleg måte.

61. Der vor ingen skilnad på maten aukn den avdøde vor gift eller ugift. Men ugifte kvinner fekk ofte ein myrtekrans om hovudet, slik kvinnene brukte når dei hadde brud.

62. Det var vanskeleg å bryta med dei gamle gravferdsskikkane, særleg når det var gamle folk som skulle til fjordar. Etterkvart synes folk det var meininga laust med all sláket i sørgehuset. Ofte vor dei moraste overtrøytte og ubrakke etter langvarig sjukepass. Det vor og blitt fleire og fleire hūs på gardane så det var svært mange i budlaget og vanskeleg om plass i sørgehuset.

Så vor det ein eller annan som stutta med middagsmåltidet. Det blei sagt når bedmannen hadde til likferd, at det skulle berre vera to måltider, eit før dei for til kyrkja, og eit etter dei var komne heim att. Den første som braut med dei gamle skikkane, fekk nok høyra at dei vor gniarar. Men for mange vor det også økonomisk ei stor lekke då gravferdene kom inn i enklare farmer.

63. Ein og annan kjøpte nok noko vin når det skulle vera ei sær „glott“ gravferd, fordi ei 89 års gamal kone. Men det må vera lenge sidan dei her i bygda stutta med rissande drykk.

64. Dei fleste trur at alkoholbruk og sending slutta

8508

omlag samskündes i bryllups og gravferder.

65. Det bunder emå at når det er sers gamle folk som skal gravleggjast, serleg slike som har vore glad i gamle skikkar, at det blir servet middag til heile bedlaget. Men det er høre undantak. Det vanlege når er to måltider, det eine når alle er samla, det andre når dei er komne att fra kyrkja. Det er kaffi og vanleg brødridomat som blir servet til bedlaget. Om kvelden er skindom familien samla til middag.
66. Det er lunge sidan ~~at~~ det blei brukk alkohol i gravferder.
67. Det bunder at ein har gravferds middag på hotell. Men det er ikkje sjeldan at dei som har like husrom eller det er vanskeleg om arbeidslyfts, har maten til gjestene på hotell. Mange ganger samlast dei imbedne i kyrkja, og elles liket er graulagt, høyrer dei ut til hotelle og har måltides og minnetalane der.
68. Her i bygda er det ikkje brukk å ha gjestene skriftleg. Emå er del som i eldre tid: ein mann går ründb i bedlaget og bed til gravferd.
69. Den første dødsfall som blei avverket i avisene, kom før om lag 40 år sidan.

#### F. Nye festar.

70. Det har ikkje laga seg noko tradisjon om det ein skal ha mat 17. mai.
71. Det er ikkje så få som feirer morsdagen. Det er vel sambag 35 år sidan ein tok til med det.
72. Eg høyrer lite og inkje tale om farsdagen.
73. Ingen visse retter eller kaker til desse dagane.
75. Det var nok gjennom avisene dagane blei kjent.